

Årsmøte 2019

Hafslo idrettslag



Innhold

Saksliste.....	2
Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2019.....	3
Årsmelding frå stadionstyret	10
Årsmelding frå hoppgruppa	12
Årsmelding for alpingruppa 2019	15
Årsmelding for foreldrelaget for aldersfastlagd fotball	18
Årsmelding frå fotballgruppa	19
Årsmelding trimgruppa 2019	29
Årsmelding barneidrett 2019.....	30
Årsmelding for orienteringsgruppa	31

Saksliste

- 1. Opning**
- 2. Godkjenning av innkalling**
- 3. Godkjenning av saksliste**
- 4. Val av møteleiar og skrivar**
- 5. Val av to medleamar til å skriva under møteboka**
- 6. Årsmelding frå styret**
- 7. Årsmelding frå gruppene**
- 8. Rekneskap**
- 9. Fastsetjing av medlemskontingent**
- 10. Budsjett**
- 11. Innkomne saker**
- 12. Val**

Oppdatert saksliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på heimesida vår, www.hafslo-il.no

Vel møtt til årsmøte på Eikum Hotell, torsdag 13. februar 2020 kl. 19.

Styret

Leiar: Ove Midtbø

Nestleiar: Sandhya Karlsen Holene

Sekretær: Kari Merete Henjum

Økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad

Styremedlem: Erna Hamrum

Styremedlem: Geir Arne Kvam

1. varamedlem: Nina Cirotzki

2.varamedlem: Hanne Kvam

Gruppene

Fotballgruppa

Norill Terese Norheim – leiar frå 16.10.19 (Morten Rørstadbotten frå 07.02.19 til 06.10.19)

Kai Inge Cirotzki, Mette Johannessen, Camilla Bremer

Langrennsgruppa

Trond Sekse – leiar

Per Fridolf Hillestad, Elise Landøy, Jorunn Hillestad

Hoppgruppa

Per Birger Lomheim – leiar

Jon Ove Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Ellen Sophie Wangensteen
Fredheim, Geir Afdal

Alpingruppa

Runar Tørvvi – leiar

Hans Olav Hellesøe, Adrienne Kvam, Jørgen Berg

Barneidrettsgruppa

Anne Grete Lomheim – leiar

Janniche Fossøy, Ann Helen Liljedahl

Trimgruppa

Katrin Lægreid Nes – leiar

Adrienne Kvam, Audhild Moe, Grete Marie Skårhaug Solvi, Kjell Arild Høyum, Tomas
Kjørlaug, Sandra Nesse Sjøhoel

Orienteringsgruppa

Pål Iversen – leiar

Trond Sekse, Ove Oklevik

Stadionstyre

Birger Moene – leiar

Jonny Moen, Knut Helge Røneid

Økonominemnd

Hovudstyret ved nestleiar Sandhya K. Holene – leiar

Margrete Sørhoel Røneid, Thomas Skjerven, Alf Ove Reime, Frode Schanke Eikum, Ove Midtbø

Foreldrelaget

Erna Hamrum – leiar

Jim Sletten, Elisabeth H. Fimreite

Lerum-cup nemnd

Geir Afdal – leiar

Erna Hamrum, Sverre Kjos-Wenjum, Ove Midtbø, Kai Inge Cirotzki (fotball), Birger Moene (stadionstyret)

Undergruppe kiosknemnd Lerum cup

Britt Brugrand, Ann Elisabeth Skjerven, Erna Hamrum

Skøyteutval

Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen

Friidrettsutval

1 representant frå trimgruppa

Hafslovatnet rundt-nemnd

Langrennsgruppa. Styret i dialog med særgruppene fekk mandat frå årsmøtet til å finne seks personar til.

Idrettsråd

Ove Midtbø, Kai Inge Cirotzki

Ungdomskontakt

Har ikkje hatt ungdomskontakt 2019

Revisorar

Gerd Westby Haugen, Herman Odd Stein

Vararevisor

Jon Ove Lomheim

Valnemnd

Styret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2019

Møte og tilstellingar

Det har vore halde fem styremøte og fem møte med gruppeleiarane i 2019.

Ove Midtbø og Erna Hamrum representerte laget på årsmøtet til Luster idrettsråd 10. april. Per Birger Lomheim representerte laget på generalforsamlinga til Sogn Skisenter 13. mai. Jon Ove Lomheim og Per Fridolf Hillestad representerte Hafslo IL på skitinget på Skei 25. mai.

Fem personar deltok frå Hafslo IL på Idrettens møteplass på Sandane 26. oktober. Tre ungdomar deltok på felles treningssamling, medan Trond Sekse og Jorunn Hillestad Sekse deltok på skikrinsen sitt haustmøte.

Norill Terese Norheim og Geir Arne Kvam representerte laget på kretstinget til fotballkretsen 23.–24. november.

Per Birger Lomheim var spesialinvitert og representerte Hafslo IL på 100-årsjubileet til Sogn og Fjordane Idrettskrins 30. november.

Saker

Styret har handsama 86 bokførte saker i 2019. Det utgjør i hovudsak vanlege styremøtesaker, og vi har ikkje hatt behov for ekstraordinære styremøte. Det blir noko e-postkommunikasjon mellom styremøta, og det er god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene gjennom året. Vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og handterer sakene i sine grupper på ein god måte.

Medlemstal

Medlemstalet har vore stabilt, med ein mindre nedgang frå 675 medlemmer i 2018 til 660 medlemmar pr. 31.12.19.

Utdanning

Det er ingen som har teke utdanning i regi av Hafslo Idrettslag i 2019.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund

- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

Økonomisk resultat

Økonomien til Hafslø IL er god og stabil. Laget har årlege inntekter gjennom dugnad, tilskot og sponsorar. Drifta er økonomisk forsvarleg og vi har god kontroll gjennom månadlege rekneskapsrapportar. Vi har avtale med Sogn Rekneskapskontor AS for føring av rekneskapen. Leiar og økonomikontakt har løpande dialog med rekneskapskontoret om føringar og utbetalingar, og dette fungerer godt.

Inntektene frå Lerum Cup har dei siste åra gått betydeleg ned som følgje av færre kampar og mindre aktivitet i Moane samanlikna med tidlegare år. Det økonomiske resultatet etter Lerum Cup 2019 vart om lag som i 2018.

Hautmarknaden gir eit godt overskot og er framleis ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Detaljar om rekneskapen finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

Mottekne midlar

På økonomisida er det stabilt som tidlegare år og drifta er god. Rekneskapen for 2019 viser eit flott resultat for laget.

Sponsoravtala med hovudsponsoren vår Luster Sparebank er svært viktig, og gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre. Luster Sparebank har også støtta oss i samband med ulike arrangement.

Sponsoravtala med NTP Avery Dennison gir oss også viktige inntekter, i tillegg til god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerker på klubbkleda våre.

Hafslø IL inngjekk ny sponsoravtale med Intersport Sogndal frå 01.01.2019. Idrettslaget får gode tilbod og hjelp til å bestille klede og utstyr, og avtala er viktig for medlemene våre. Vi vil vidareutvikle samarbeidet med Intersport Sogndal i åra som kjem og sikre eit godt og variert tilbod for medlemene våre.

Dei viktigaste støttespelarane og største inntektskjeldene våre i 2019 har vore

Luster Sparebank: 128 000 kr

Luster kommune: 169 911 kr

Avery Dennison NTP: 20 000 kr

Norsk Tipping (grasrotandel): 85 763 kr

Momsrefusjon: 96 148 kr

Norges idrettsforbund: 127 717 kr

Haustmarknad: 75 648 kr

Lerum Cup 2019: ca. 140 000 kr

I tillegg er det mange bedrifter og støttespelarar i nærområdet som bidreg med mellom anna gevinstar til Haustmarknaden, skiltreklame i Moane, vedlikehald m.m.

Vi vil rette ei stor takk til alle sponsorar, støttespelarar og alle andre samarbeidspartar som er med og støttar opp om Hafslo Idrettslag gjennom året.

Anlegg

Hafslo IL vedtok ny anleggsplan for perioden 2019–2022 på førre årsmøte. Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikehaldet vert utført jamleg av gruppene og stadionstyret, og det er mange som legg ned ein betydeleg innsats gjennom året. Stor aktivitet og belastning tilseier at vi fortløpande må vurdere behovet for vedlikehald.

Anlegga i Moane treng stadig vedlikehald. Etter Lerum Cup 2019 var grasbana i dårleg stand, og denne vart sådd på nytt like etter turneringa. Det sørga for at vi hadde ei god grasbane til trening og kampar i haustsesongen. Vi fekk også på plass nye innbytarbenkar på Hafslo stadion i løpet av juni med god hjelp frå lærarar og elevar frå Sogndal VGS. Det er også behov for jamleg vedlikehaldsinnsats på løpebana rundt fotballbana og kaste- og lengdegropa i Moane kvart år. Vi må fortløpande vurdere om det skal gjerast ei større oppgradering av denne delen av anlegget.

Vassprøvar i forkant av Lerum Cup 2019 synte at vi har dårleg vasskvalitet i Moane, og vatnet er ikkje anbefalt å drikke. Det har derfor vore behov for reserveløysingar for å sikre tilgjengeleg drikkevatt i samband med treningar og kampar. Vi håpar dette er ei forbigåande problemstilling, då det er sett i gong eit arbeid med å få kommunal vasstilknytning til Moane som forhåpentlegvis er på plass i løpet av 2020.

Kunstgrasbana, 7-ar bana ved Hafslo barne- og ungdomsskule, er eit flott anlegg som er mykje i bruk. Det er kamp om treningstider når bana vert fri for snø om våren, og særleg tidleg vår og om hausten når grasbana i Moane ikkje kan nyttast, er det ein kabal å få treningar og kampar til å gå opp.

No er det sendt inn spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion, og vi håpar dette kan realiserast før haustsesongen 2020. Vi har også fått til ei avtale med Sogndal Fotball om bruk av treningsfeltet etter våre behov i 2020, mot at vi tek oss av vedlikehaldet. Dette vil sikre at vi har eit godt utgangspunkt for tilgjengeleg areal til fotballtreningar og kampar den komande sesongen.

Hoppgruppa legg ned ein stor innsats kvart år for drift og vedlikehald i Kvamsbakken. Dessverre har dei siste vintrane vore noko ustabile vêrmessig, slik at det ikkje har vore mogleg med mykje aktivitet i Kvamsbakken dei siste åra. Leigeavtala med grunneigar går ut ved utgangen av 2020, og det er sendt inn spelemiddelsøknad for to små bakkar ved anlegget på Sogn Skisenter. Vi håpar bakkane vert realiserte i nær framtid, slik at vi framleis kan ha eit tilbod om hoppaktivitet på Hafslo framover.

Idrettslaget har eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitet i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold i alpinbakken, i langrennsløypene og i gymsalen i Samfunnshuset.

Hafslo idrettslag vil takke alle som har bidrege til å fornye og vedlikehalde anlegga våre i 2019! Ei særskild takk til stadionstyret, men takk også til alle andre som bidreg gjennom året.

Avgidde tillitsvalde

Styret i Luster Idrettsråd

Ove Midtbø – styremedlem, Kai Inge Cirotzki – varamedlem

Styret i Sogn Skisenter SA

Jon Ove Lomheim – styremedlem, Lars Olav Halleråker – styremedlem, Jorunn Hillestad Sekse – varamedlem

Dommarar hopp Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund

Per Birger Lomheim og Jon Ove Lomheim

NFF Sogn og Fjordane (dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør)

Geir Arne Kvam

Aktivitet

Hafslo Idrettslag har stor og god aktivitet, både blant aktive, blant medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg er ei rekke personar involvert i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktivitetane går fram av årsmeldingane frå særgruppene våre.

Både treningar, konkurransar, renn, kampar, marknad, trim, utstyr, anlegg, planar, og andre arrangement vert gjennomført på ein god måte og med stor innsatsvilje frå mange. Foreldreinvolvering er ein viktig motivasjonsfaktor for at dei unge skal trivast, ha utvikling og framgang. Dette er også avgjerande for at gruppene i laget skal kunne tilby og gjennomføre gode treningsøkter som dekker både idrettsfaglege og sosiale behov.

Hafslo Idrettslag har med mange deltakarar på små og store lokale arrangement gjennom året, og vi har også med deltakarar på regionale, nasjonale og internasjonale arrangement med fine resultat.

Særgruppene våre gjer ein flott og uvurderleg innsats gjennom året med å legge til rette for mykje variert, god og meningsfylt aktivitet for mange. Gruppene har vore arrangørar eller medarrangørar av større og mindre arrangement på lokalt nivå. Vi vil rette ein særskilt takk til alle tillitsvalde i særgruppene, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, oppmenn og andre støttefunksjonar gjennom året!

Stor takk også til alle foreldre, supporterar og andre støttespelarar som gjennom året bidreg med dugnad, køyring og anna innsats kring dei ulike laga, gruppene og aktivitetane våre!

Avslutning

Idrettslaget har mange viktige oppgåver å ivareta i bygda vår. Dei tillitsvalde i idrettslaget gjer eit flott arbeid og legg ned mange dugnadstimar. Så langt som råd skal Hafslo Idrettslag sine interesser kombinerast med interessene til medlemene våre ,andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet som heilskap og kommunen sine interesser.

Hafslo Idrettslag har som mål å nå flest mogleg. Idrettsgrein, dugleik eller alder er ikkje relevant. Kvar einskild medlem skal få lov til å utvikle seg best mogleg ut frå egne føresetnader i den idretten han eller ho ønskjer å drive.

Vi skal tenkje langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomisk.

Hafslo Idrettslag har mange gode sponsorar som stiller opp. Ei stor takk til alle dei, og særskilt takk til hovudsponsoren vår Luster Sparebank, NTP Avery Dennison og Intersport Sogndal for gode økonomiske avtalar og godt samarbeid i 2019. Takk også til Luster kommune for den økonomiske støtta vi får til aktivitet, drift og vedlikehald av anlegga våre gjennom året.

Vi har mange medlemmer og eit høgt aktivitetsnivå. Den gode økonomien til laget må i stor grad tilskrivas positive medlemmer som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget. Vi må også takke alle lokale bedrifter og støttespelarar som hjelper oss gjennom året.

Styret vil rette ein stor takk til alle som er med og held aktiviteten oppe i idrettslaget vårt. Takk for alle dei flotte opplevingane de er med på å skape gjennom året. De gjer ein flott og uvurderleg innsats alle saman!

Styret i Hafslo idrettslag, 06.01.2020

Årsmelding frå stadionstyret

Birger Moene – leiar

Jonny Moen

Knut Helge Røneid

Det var mykje snø både i Moane og på kunstgrasbana også i vinter. Men snøsmeltinga gjekk raskt når våren kom. For å hjelpe på snøsmeltinga, vart det også i år vart strødd om lag 20 sekkar blomsterjord på snøen på Hafslo stadion, og om lag 100 liter gummigranulat på kunstgrasbana i løpet av mars.



Hafslo stadion 31. mars 2019



Kunstgrasbana 1. april 2019

Kunstgrasbana var fri for snø i byrjinga av april, og vart teken til bruk for treningar med ein gong. Første seriekamp vart spelt på kunstgrasbana 24.april, og siste kamp vart spelt søndag 3.november. Bana blir mykje brukt, både i skuletida, til treningar og kampar og elles i ledige stunder. Jonny har også i år sørja for vedlikehald og slodding i løpet av sesongen.

Grasbana i Moane vart fri for snø i midten av april, og i byrjinga av mai kunne bana i Moane nyttast til miniputt-trening. Årets første seriekamp vart spelt på Hafslo stadion 7.mai. Grasbana vart prioritert til bruk for seriekampar (11ar og 9ar) i mai, og det vart etter kvart betre og betre speleforhold utover i månaden. I tillegg til fornuftig bruk, er det viktig med godt vedlikehald med gjødsling, regelmessig vatning og fornuftig grasklypping. Det var også greie speleforhold på grasbana under Lerum Cup, og den holdt seg brukbart gjennom turneringa. Men etter stor slitasje i vårsesongen og Lerum Cup, var bana i dårleg stand i slutten av juni. Grasbana vart derfor sådd på nytt like etter Lerum Cup, og var stengt i sommarferien. Det sikra ei flott grasbane til treningar og kampar i haustsesongen

Det må også nemnast at vi fekk på plass nye innbytarbenkar på Hafslo stadion i løpet av juni med god hjelp frå lærarar og elevar frå Sogndal vidaregåande skule.



Seriekamp Hafslo stadion 7. mai



Nye innbytarbenkar på plass i Moane

Grusbana i Moane har vore lite brukt dei siste sesongane. Grunna behov måtte den likevel nyttast til nokre treningar frå medio april og fram til grasbana vart klar til bruk.

Løpebana rundt grasbana (friidrettsanlegget) er vorte stadig meir gjengrodd. Det har vore planar om ein større vedlikehaldsinnsats dei siste åra, men dette har ikkje vorte prioritert. Men både løpebana, lengdegropa og kastegropa har vore i bruk også denne sesongen, og målet må vere å få gjort nok innsats for å halde desse delane av anlegget i brukbar stand også framover.

I klubbhuset er det gjort nokre oppgraderingar av toaletta. Vassprøvar i forkant av Lerum Cup 2019 synte dessverre at vi har dårleg vasskvalitet i Moane, og vatnet er ikkje anbefalt å drikke. Det har derfor vore behov for reserveløysingar for å sikre tilgjengeleg drikkevatt i samband med treningar og kampar denne sesongen. Vi håpar dette er ei forbigående problemstilling, då det er sett i gong eit arbeid med å få kommunal vasstilknytning til Moane som forhåpentlegvis er på plass i løpet av 2020.

Stadionstyret vil takke alle som har hjulpet til med dugnad og arbeid på anlegga våre både i Moane og på kunstgrasbana i løpet av sesongen 2019.

Årsmelding frå hoppgruppa

Per Birger Lomheim (leiar og trenar)

Jon Ove Lomheim (leiar, trenar)

Ove Fredheim (trenar)

Vegard Bondevik Lie (trenar)

Ellen Sophie Wangensteen Fredheim (service)

Geir Afdal (service)

Driftsleiar for skitrekket i Kvamsbakken er Jon Ove Lomheim (jernbanetilsynet)

Driftsleiar for vinsjen i Kvamsbakken er Ove Fredheim

Avståtte tillitsmenn

Jon Ove Lomheim, hopp og kombinert komiteen, Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim, styremedlem Sogn Skisenter

Jon Ove/Per B. Lomheim, dommarar hopp Skikrins og NSF

Representasjon

Generalforsamling Sogn Skisenter 13. mai: Per Birger Lomheim

Skitinget på Skei 25. mai: Jon Ove Lomheim

Idrettskrinsen 100 årsjubileum 30. november: Per Birger Lomheim

Trening

Grunntreninga for yngre er i samarbeid med dei andre skigruppene og barneidrettsgruppa.

Skicup og Telenor-aktivitetar på Skisenteret er viktige faktorar for utvikling av skiferdigheiter. Det er framfor alt viktig at ungane får tilbod, er i aktivitet og at dei opplever meistring i fleire skiidrettar.

Trening i samfunnssalen, skiaktivitetar på Heggmyrane, hopp trening i Kvamsbakkane, samarbeid og eit godt miljø er det sentrale for hoppporten. Dessutan at hoppbakkane i Kvam er preparert og tilrettelagt for alle aldersgrupper.

Dette er grunnlaget for bredde og utvikling av skihopparar.

Aktivitet

Den største innsatsen til gruppa er arbeid i Kvamsbakkane. Det er fottraking og trakking med ski i alle tilløpa og i dei to minste bakkane. Dessutan manuell oppfølging med sporslede og «støyping» av skispor i dei 4 tilløpa. Bruk av vinsj med rull og slådd for trakking av storebakken samt trakking med ski. På slettene vert det nytta traktor som dreg rull og slådd. Og i tillegg finpreparering med bil (Jon Ove) og slådden på sletta. Gode preparerte anlegg absolutt naudsynt både til trening og konkurranse.

Hoppesongen i Kvamsbakken

Hoppaktiviteten i Kvamsbakkane har vore dårleg denne vinteren. Sesongen har vore prega av dårlege snøtilhøve. Klargjering av anlegget ein dag og mildvêr neste dag osv.

Det vart arrangert Vestlandscup i hopp 10. februar under gode forhold. Laget måtte også i dette høvet ta på seg KM hopp og kombinert for Vetten IL i Stryn. Lengste hoppet hadde Ove Fredheim med 60,5 meter (to meter under bakkerekorden). Etterpå gav Skikrinsen ros til Hafslø idrettslag for gjennomført KM.

På KM deltok det 12 hopparar og 5 i kombinert. Dessutan var det 9 stk. i klassane 13 år yngre i minste Kvamsbakkane og 4 stk. i kombinert.

Dei første hoppa i minste Kvamsbakken 2019 var den 21. januar ved tvillingane frå Kjos.

Ut over dette vart det trena berre to dagar i storebakken. Småbakkane vart brukt når forholda tillet det.

SFE-cup for yngre i januar vart avlyst i januar. Desse renna vart arrangert 28. februar i Kvamsbakken med 15 deltakarar og 7. mars på Skisenteret med 13 deltakarar.

Telenor-cup

Hoppgruppa har delteke med oppdrag i høve Telenor-cupen langrenn, cross , hopp og alpint vinteren 2019 på Skisenteret. Telenor-cupen vart avslutta 27. mars på Skisenteret med langrenn, premieutdeling og god mat til alle. Alpint-delen vart avslutta med påskerenn og premieutdeling den 20. april.

Rapport for Telenor-cupen vart sendt Skiforbundet 15. mai vedlagt bilete frå opplegga 27. mars og 20. april.

Ny søknad om Telenor-arrangement vart sendt i haust og premiane for 2020 vart mottekne i desember.

Gruppemøte i hoppgruppa

Hoppgruppa hadde oppsummering etter sesongen 24. april. Det vart delt ut premiar til dei som ikkje hadde fått SFE-cup premiane sine. Jon Ove gav innsatspremie (bilde med skihoppar Voss) til Erlend Sie for hans treningsinnsats sist sesong + sin premie i Vikersund for «Youth Raw Air». Dessutan vart det delt ut nokre Telenor-premiar til dei som ikkje hadde fått (den 27/3).

Resultat 2019

VM for veteranar i Vikersund 25.–27. januar. Jon Ove Lomheim med sølv i K-45, 4. plass i K-65 og gull i kombinert. Ove Fredheim med 4. plass i K-65, 4. plass i K-105 og sølv i laghopp for Norge.

KM på Hafslø 10. februar

Klassevinnarar

Hopp: Benjamin Afdal, Oda Sønnesyn, Erlend Sie og Ove Fredheim

Kombinert: Gard Sønnesyn, Oda Sønnesyn, Erlend Sie og Jon Ove Lomheim

Deltaking på andre renn

- Youth RawAir (Horten, Oslo og Vikersund): Erlend Sie og Jon Ove Lomheim.
NC-cup for senior (Lillehammer, Oslo m.fl.): Ove Fredheim
- Krinsrenn Vetem IL 10. mars
- Opningsrenn for plashoppbakkane i Spjelkavik, Ålesund, 20. oktober

Dugnad 2019

Hoppgruppa har delteke med dugnad på Lerum cup 22.–24. juni og på haustmarknaden til Hafslø IL 2.–3. november.

Dessutan har hoppgruppa hatt dugnad i Kvamsbakken med opprydding etter sesongen den 26. april, rydding av skog og kratt den 18. november og 2. desember. Det kan leggast til at den kvelden nytta Ole Jonny Sie motorsag og Jon Ove trakka vetlebakken.

Økonomi

Framleis er det slik at utøvarar og foreldre tek ein stor del av reiseutgiftene til renn. Dessutan er det store private utgifter til trening i Stryn, Gausdal, Lysgårdsbakkane, Voss, Knyken og på VM for veteranar.

Sesongen 2020

Sesongen 2020 ser heller ikkje denne sesongen lovande ut. Det er mildveret som rår grunnen. Minste Kvamsbakken har berre vore trakka den 2. desember, men elles ingen aktivitet der. Bård Inge Fredheim har diverre avslutta sin hoppkarriere. Erlend Sie har reist til Trondheim på vidaregåande skule, der han har kome inn i eit aktivt hoppmiljø. 9.–18. januar deltok Jon Ove og Ove på OL for veteranar i Seefeld og Innsbruck.

Oppsummering

Etter forholda har gruppa god aktivitet etter dei forholda vi har, takka vere stor innsats av gruppa og foreldra til ungane. Hafslø IL var det einaste laget i Sogn som arrangerte hopprenn dette året. Dessutan skranta det med renntilbod i Fjordane også.

Utan tilrettelegging, samarbeid og oppfølging på alle plan vert det ikkje miljø, rekruttering og resultat. I tillegg til mildare og ustabile vintrar, er utfordringa at hoppbakkane i Kvam ligg langt frå Skisenteret, der folka, det aktive skimiljøet held til og har maskinelt utstyr for prepping. Til slutt vil hoppgruppa takka alle som har hjelpt til. Spesielt Tom Idar Kvam som har utført oppdrag i høve vegen opp til bakken og noko prepping for våre aktivitetar. Dessutan ei takk til Sogn Skisenter for tilrettelegging av forholda for tilrettelegging av Telenorcup-aktivitetar og med mindre hoppbakkar for yngre utøvarar.



Årsmelding for alpingruppa 2019

Runar Tørvi (leiar)

Hans Olav Hellesøe


Adrienne Kvam

Jørgen Berg

Etter førre årsmøte vart det ein del endringar i gruppestyret med ny leiar og to nye styremedlemer. Men det nye styret har fungert og samarbeida godt, der hovudfokuset til alpingruppa har vore å legge til rette for aktivitet, rekruttering og breidde. Målet til alpingruppa er at alle som ønskjer det skal bli betre på ski og skape eit godt miljø! Alpingruppa brukar Telenor-karusellen som ein del av rekrutteringa i samarbeid med barneidretten, der fokuset er leik og moro på ski.


Trening og aktivitetar

Frå nyttår i fjor stod alpingruppa utan hovudtrenar. Det vart mellombels etablert eit samarbeid om treningar saman med Sogndal Alpint og Luster Telemark på tysdagar og onsdagar. Etterkvart tok Lars Olav Halleråker på seg hovudansvaret som ny trenar i alpingruppa. Lars Olav laga ein plan og gjennomførte treningar ein gong i veka ut mars, der dei delte bakken med Sogndal Alpint og Luster Telemark. Lars Olav laga eit flott treningsopplegg og var eit friskt tilskot som trenar i alpingruppa vintersesongen 2019. Det er derfor veldig positivt at han har teke på seg vidare ansvar som trenar vintersesongen 2020, og har laga ein tilsvarande plan som i fjor med treningar ein gong i veka ut mars månad.



Arrangement


På grunn av mangel på snø andre stadar i fylket, overtok Sogndal Alpin i samarbeid med Hafslø Alpin og Sogn Skisenter KM SSL og SL på kort varsel. Arrangementet vart gjennomført på Sogn Skisenter laurdag 2. mars. Det vart lagt ned flott innsats med dugnad og klargjering i forkant både av alpingruppa og andre foreldre, og det vart gjennomført eit prikkfritt arrangement med over 80 deltakarar under flotte forhold på Sogn Skisenter.



Klargjering til KM SSL og SL på Sogn Skisenter 1. mars 2019

Bilete og resultat frå arrangementet ligg på skikrinsen sine sider:

https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/3/bilhuset-forde-km---hafslø/?fbclid=IwAR03yJQmxpl_4U03Pe9fSfeELpC5MIW5DtIK-fBz4yUwnQf3O42WTYFLHJs



Flotte forhold og god stemning under KM på Sogn Skisenter laurdag 2. mars

Dessverre var det lita interesse for å vere med på å arrangere Heggmyra Rett Ned i 2019, og dette arrangementet gjekk derfor ut. Målet er å få på plass dette populære arrangementet igjen i framtida, men då er ein avhengig av at det er interesse for å vere med å arrangere dette.

Ein flott sesong vart avslutta med klubbrenn og sosialt samvær for utøvarar, trenarar og foreldre ved Sogn Skisenter torsdag 28. mars.

Også i år hadde alpingruppa skibyttedag 21. november saman med bytte/sal dag på Sogn Skisenter. Dette er eit populært arrangement med mange som møter opp på kvart år. Når det i tillegg er 15 prosent på sesongkort, så var køen som vanleg lang.

Dugnad

Som følgje av at behovet for dugnad under Lerum Cup har gått ned dei siste åra, har alpingruppa mista ei viktig inntektskjelde. I haust vart det gjennomført nokre fellesdugnader med skogrydding og maling, men det har synt seg utfordrande å få samla folk til å bli med på desse dugnadane. Dette er noko alpingruppa må prøve å få gjort noko med, slik at ein kan oppretthalde ordningar for å kompensere dugnadsinnsats med lågare pris på sesongkort.

Alpingruppa bidrog også med dugnad saman med dei andre særgruppene under Haustmarknaden 3. november.

Oppsummering

Dei involverte i alpingruppa og alpinmiljøet er ein positiv og godt samansveisa gjeng. Tilbakemeldingane frå samarbeidet med Barneidrettsgruppa knytt til rekruttering har også vore positive. Samla sett har derfor 2019 vore eit flott år for alpingruppa på Hafslo.

Men som nemnt ovanfor, har det vore ei utfordring å få nok folk med på arrangement og felles dugnader. Alpingruppa er eit relativt lite miljø. Det er fleire som er aktive innafør andre idrettsgreiner og miljø, noko som er utfordrande når det gjeld tid. Vi treng derfor å verte fleire då det er ein del oppgåver å fordele. Vi håpar tidlegare alpininteresserte i bygda held fram med å positive når vi spør dei om hjelp, dette varmar veldig og gir motivasjon til å fortsette med å oppretthalde og byggja eit alpinmiljø.

Vi nyttar sosiale media aktivt i tillegg til den nye sjølvbetente heimesida, der vi legg ut info og aktuelt stoff/lenkjer. Vi registrerer at mange følgjer med på innlegga våre, og meiner at dette også er med på å synleggjere alpingruppa på ein positiv måte i lokalmiljøet.

Vi vil rette ein særskilt takk til Lars Olav Halleråker for den jobben han har gjort som hovudtrenar i 2019. Han har vore eit positivt tilskot og ein god rettleiar for både foreldre og utøvarar med å legge til rette for meistring og skiglede for mange. Vi er veldig glade for at han held fram som trenar også komande år.

Vi vil også rette ein stor takk til alle på Sogn Skisenter for den fantastiske jobben dei gjer. Alpinbakkane er alltid flott preparert, så treningane og renn er ein fryd å gjennomføre. Vi må også takke alle utøvarane våre, foreldra og andre støttespelarar som stiller opp, og stor takk til Hafslo Idrettslag som er villig til å satse på alpinsporten som er ein dyr sport i eit lite idrettslag. For å sikre at ingen som fortener det blir gløymt, vil vi avslutningsvis takke alle andre som har hjelpt oss og støtta oss gjennom året.

Årsmelding for foreldrelaget for aldersfastlagd fotball

Erna Hamrum (leiar), Jim Sletten, Elisabeth Haganes Fimreite

Undergruppe/kiosknemnd Lerum cup: Britt Brugrand, Ann-Elisbeth Skjerven, Erna Hamrum

Foreldrelaget har to formål:

- Medverka til eit godt sosialt miljø for spelarane på aldersfastlagde lag
- Syta for økonomisk bidrag for juniorfotballen

Sosialt miljø

Det er viktig at det blir skapa trygge, akseptierende og inkluderande rammer rundt kvart lag. Teamet og føresette til kvart lag er det viktigaste for å skapa desse rammene. Alle lag har ei ordning med kiosksal på heimekampane sine. I tillegg til at dette gjev laga inntekter til sosiale treff eller turar, skapar det ei god ramme rundt kampane, både for besøkande og fotballfamiliane. Teama serverer og oppskore frukt til både borte- og heimelaga.

På heimeturneringar får laga våre mat og/eller drikke i kiosken. I september vart det arrangert sosial samling for alle i fotballfamilien. Det var servering av grillmat i samband med heimekamp for seniorlaget. Det var strålande ver og mange møtte opp.

Økonomi

Foreldrelaget har ansvar for alt vask av klubbhuset gjennom sesongen. I september arrangerte HIL miniputtturnering. Foreldrelaget samordna kiosksalet.

Foreldrelaget er ansvarleg for kiosksalet ved alle turneringar i Moane. Lerum Cup har vore ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Det er inntekta ved denne turneringa som har medverka til at utøvarar i idrettslaget har rimeleg medlemsavgift og mykje lågare trenings- og deltakaravgifter enn lag ein kan samanlikna seg med. Det krev mykje dugnadsarbeid både før, under og etter turneringa. Det blir og leigd inn hjelp til noko av varehåndteringa før og under turneringa. All anna innsats er dugnad.

For å få alt til å fungera optimalt på cupen er ein avhengig av fleire nøkkelpersonar som kan jobba sjølvstendig på dei ulike stasjonane. Idrettslaget er heldige å ha mange slike flinke nøkkelpersonar som set av fleire vakter for å få i hamn denne store dugnadsjobben. Totalt var behovet for rigging, kiosksal og produksjon, bosplukking og reinhald, dømming og parkering ca. 350 vakter.

2/3 av omsetjinga i kiosken går no via Vipps og betalingsterminal (brukt som minibank). Det er heilt naudsynt for omsetjinga at ein kan tilby fleire betalingsformer. Omsetjinga på Lerum cup 2019 var på same nivå som 2018. Samanlikna med tidlegare normalcupar er inntekta halvert.

Takk til alle som var med og hjelpe til ved ulike arrangement i 2019!

Takk til Elisabeth for innsatsen i foreldrelaget!

Takk til alle som bidrog til at fotballaktivitetane har laga positive og gode minner for utøvarane!

Årsmelding frå fotballgruppa

Morten Rørstadbotten (leiar, trekte seg frå styret i fotballgruppa 06.10.19)

Norill Terese Norheim (leiar frå 16.10.2019 og dommaransvarleg)

Kai Inge Cirotzki (nestleiar)

Mette Johannessen (sekretær)

Camilla Bremer (styremedlem, materialansvarleg)

Norill Terese Norheim (styremedlem, miniputtansvarleg)

Morten Rørstadbotten, Kai Inge Cirotzki og Joar Duesund (sportsleg utval)

Vivian Kvam (Fair Play-ansvarleg)

- Me har hatt 6 styremøte og har behandla 37 saker.
- Siste helga i november deltok Norill Terese Norheim og Geir Arne Kvam på Kretstinget i Førde.
- Fotballgruppa har eit årshjul og ein Sportsplan som dannar grunnlaget for korleis me planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen. Sportsplanen er lagt ut på høyring på heimesida til HIL; den skal reviderast for 2020–2022.

Seniorfotball

På seniornivå har me hatt eit herrelag i 6. divisjon. **Herrelaget**

Trenar: Joar Duesund og Nils Einar Sørhoel

Lagsleiar: Ove Midtbø

- Har hatt eit 11ar-lag i 6. divisjon i år. Har vore veldig bra humør og stemning i gruppa, sjølv då resultatata bikka mykje i mot i vårsesongen. Fin samansetning av aldersspenn i laget (frå 15- 47/48år). Har hatt god progresjon i spel og resultat utover sesongen.
- Var kjekke heimekampar med mykje folk i Moane.
- Mål for sesongen var å få etablert eit seniorlag på Hafslo, og komma på 4. plass i serien; det ser ut til at begge måla er nådd.



Aldersbestemt (10–17 år)

Hafslo IL har stilt med 8 lag i seriespel for aldersbestemte lag sesongen 2018; 4 jentelag og 4 guttelag.

J15/16/17:

Trenar: Norill Terese Norheim

Lagsleiarar: Grete Marie Skårhaug Solvi og Monica Heggstad

- Dei har spelt i 9ar/7ar-serie, men spelte flest 7ar-kampar; vart nr. 4 i serien. Har vore godt treningsoppmøte, og godt samhald og humør i spelegruppa.
- Har ikkje delteke på andre turneringar enn KM- kvalik. i futsal.



/16/17:

Har ikkje hatt G15/17 lag i år.

J13/14:

Trenarar: Kai Inge Cirotzki og Vivian Kvam

Lagsleiar: Camilla Bremer

- Har hatt eit 7ar-lag i serien; der vart det gruppesiger og 2. plass i KM. Har hatt treningar saman med J11/12; godt å ha ei stor treningsgruppe, då ein har større mogelegheiter for tilpassing. Fint å kunne ha dei yngre med dei eldre, då vert det automatisk «mesterlære».
- Deltok på Måløy cup med eit J14 (J12/13/14) og eit J13 (J12/13) lag; begge laga vann Måløy cup.
- Dei deltok òg i KM-kvalik. i Futsal.
- J13/14 vann A-sluttspølet i 7ar på Lerum cup.
- Ål cup er kjekt og sosialt; det var veldig fint å bu på skule. På Ål cup vart det bronse i A-sluttspølet.





G13/14:

Trenar: Kurt Heggstad, Frode Haara og Torgeir Kjos-Wenjum

Lagsleiar: Mette Johannessen

- Har hatt eit 11ar-lag i serien; kom på 3. plass (likt med poeng som 2. plassen) i 2. divisjon i haustsesongen. Laget har hatt ein fin progresjon gjennom sesongen, og er godt nøgde med det dei fekk til i seriespelet. Alltid godt oppmøte på trening.
- Dei deltok med to lag (med J14) i KM- kvalik. i Futsal.
G13/14 vann bronsefinalen i A-sluttspillet i 9ar på Lerum cup. Kjekk oppleving for gutane.
- Norway cup var kjempe kjekt. Sportsleg fekk me det tøft i nokre kampar, men nokre gode kampar med gode resultat gav gutane ei flott turnering.





J11/12:

Trenarar: Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki

Lagsleiar: Mette Johannessen

- Har hatt eit 7ar-lag i serien. Dei hadde gode resultat i vårsesongen; i haustsesongen var det litt tøffare motstand. Har hatt treningar saman med J13/14 og G12; godt å ha ei stor treningsgruppe, då ein har større mogelegheiter for tilpassing.
- J12 deltok på Måløy cup saman med J13 og J14; der vart det siger i begge klassane. J12 har òg spelt KM- kvalik. i Futsal i J13-klassen.
- Dei stilte med J11/12 lag på Lerum cup i J12-klassen, medan dei spelte i J11-klassen på Ål cup og Eat Move Sleep.



G12:

Trenarar: Ove Midtbø og Sandhya Karlsen Holene

Lagsleiar: Ove Midtbø

- Har hatt eit 7ar- lag i serien. Bra stabilitet og godt oppmøte på treningar og kampar. Gutane har hatt ei god utvikling. G11 og J11/12 har vore med på enkelte kampar. Det har vore positivt med fellestreningar med J11/12, då det har sikra større treningsgruppe.
- Flotte opplevingar saman med ein samansveisa gjeng. Både spelarar, trenarar og foreldre har hatt det kjekt i lag både på Toyota Cup, Ål Cup og Eat Move Sleep.

**G11:**

Trenarar: Kurt Norheim og Bjørn Arild Grindhaug

Lagsleiar: Ine Jeanett Skjerven

- Har hatt eit 7ar- lag i serien. Haustsesongen har vore bra treningsmessig. Dette grunna eit godt samarbeid med J11/14.
- Har deltatt på Lerum Cup og Ål Cup. Ål cup var ein veldig kjekk turnering for laget. Lerum cup var òg bra.

J9/10:

Trenarar: Lars Olav Halleråker, Jannike Skår og Mara Frattasio

Lagsleiar: Ingvild Midtun Kjos

- Alle jentene utvikla og forbetra seg; såg det spesielt i siste kampen.
- Lerum Cup var einaste turnering dei var med på, og det gjekk fint.



G10:

Trenarar: Styrk Hofslundsengen og Åge Ruud

Lagsleiar: Anne Therese Moen

- Har hatt eit 7ar- lag i serien. Ein del samla treningar med G9 og G11 har vore positivt for å få ei større treningsgruppa.
- Har berre delteke på Lerum Cup. Det var ok, men kjedeleg å møte Sogndal i 3 av 5 kampar. Hadde med nokre G9-spelarar.

Miniputt (6–9 år)

- Miniputtansvarleg: Norill Terese Norheim
- Det er omlag 55 gutar og jenter i alderen 6 – 9 år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar sesongen 2019.
- Nytt i år var at 6- og 7-åringane spelte 3ar fotball, medan 8- og 9-åringane spelte 5ar.
- Hafslo IL har hatt med ca. 12 lag på kvar av dei 4 Konglerike-turneringane denne sesongen.

Frivillig seriespel for miniputt

- Det eldste miniputt-laget, G9, har delteke i frivillig seriespel for miniputtar. Seriespel for dei eldste miniputt-laga var eit nytt tilbod for nokre år sidan, og har vist seg å vere eit flott tilbod som er kjekt for spelarane å vere med på.

Miniputtturnering på Hafslo 01.09.2019

- Det var påmeldt 65 lag og om lag 280 ungar.
- Turneringa hadde kampstart kl. 11 og siste kamp var ferdig kl. 15.
- Tema for turneringa var «miniputtar for miljøet».



Det var 20 unge dommarar som stilte opp; mange av dei dømte sine første kampar.

G9:

Trenarar: Irene Haugen

Lagsleiar: Vegard Bondevik Lie

- Det har vore positivt med tett samarbeid og fellestreningar med G10, og gutane har hatt ein positiv utvikling.
- Turneringane har vore kjekke.

G8:

Trenar: Tommy Stein, Robin Frichsen og Per Ove Loen

Lagsleiar: Anita Sjøthun

- Det har vært bra oppmøte og engasjement frå alle spelarar og foreldre. Gutane har hatt ein god utvikling; bra med faste trenere.
- Turneringane har vore bra gjennomført. Kampoppsettet har vore passeleg både med antal kampar og opphald mellom kampane. Ved turneringa på Hafslo var det nokre G8- spelarar som hospiterte opp på G9.



J7/8:

Trenar: Alf Ove Reime

Lagsleiar: Linda Kristin Brunborg

- God og engasjert deltaking.

G7:

Trenarar: Anne Therese Moen

Lagsleiar: Ine Jeanett Skjerven

- Godt oppmøte på treningane og turnering, engasjerte ungar.
- Har vore med på Kongleriket turneringane, gutane har hatt kjempe fin innsats og engasjement. Vore veldig moro.

G6:

Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes

Lagsleiar: Geir Åge Melheim

- Bra oppmøte på treningane, og god sportsleg framgang.

J6:

Trenar: Silje Kauppi Rørvik

Lagsleiar: Ann Kristin Torgersen

- Bra oppmøte på treningar og grei gjeng å ha.

- Turneringane har vore kjekke; sosialt og engasjerte vaksne og ungar. Fin gjeng.

TINE Fotballskule

- Tine Fotballskule Hafslo vart arrangert for 12.året på rad siste veka før skuleferien for born i alderen 6-12 år.
- Trenarar og flinke ungdomsspelarar stilte opp som instruktørar.
- Det vart som vanleg tre flotte dagar med fotballaktivitet i Moane; også i år vart det servert grillmat til alle deltakarane og instruktørane. Takk til Erna som ordna grillmat.

Keeperskulen på Kaupanger og i Sogndal

- Hafslo IL har hatt få deltakarar på årets keeperskular. Dette er eit flott tiltak for keeperane våre.
- Det er òg nokre av keeperane våre som deltek på onsdagstreningane for keeperar i Sognahallen om vinteren.

Sone/kretslag

- Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sonelag; spelarar som har vore inne på tiltak er Mari Urdal Cirotzki, Sigrid Harriet Kvalen, Anna Grindhaug, Andreas Haugen Duesund og Noah Heggstad.
- Anna Grindhaug og Noah Heggstad har òg vore med på kretslandet.
- Anna var med kretslandet til J13 og vann Bakers Elite jente cup på Hamar.
- Anna Grindhaug, Andreas Haugen Duesund og Noah Heggstad deltok på proffveka i Stryn.

Laurdagstrening

- Laurdagstreningar på kunstgrasbana har halde fram i 2019 for dei som er 10 år og oppover.
- Dette er eit tilbod for dei som ynskjer ekstra trening; der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar på treningane.
- Dette er eit populært tiltak, der det har vore i snitt 15 påmeldte kvar laurdag.
- Kurt Heggstad har hatt ansvaret for alle treningane og opplegget rundt. Medhjelparar: Torgeir Kjos-Wenjum, Norill Terese Norheim, Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki.

Dommarar

- Hafslo IL har ingen som dømmar på krets nivå; me har ein observatør.
- Sander Johannessen og Iver Sollid deltok på rekrutteringsdommarkurs i mars.
- Har hatt mange dommarar i år, og dei har fått god oppfølging av dommaransvarleg.

Oppsummering

- Det er stor og god aktivitet i fotballmiljøet på Hafslo. Takk til alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre; me er heilt avhengig av dykk for å kunne gje det tilbodet me har.
- Me har like store utfordringar på anleggssida som i 2017. Mangel på lys på grasbana gir oss ein del utfordringar når det kjem til avvikling av kampar om hausten. Planen er at det kjem lysanlegg i Moane hausten 2020. Ein bør òg prioritere å få på plass ei kunstgrasbane 11'ar i Moane (grusbana).

Årsmelding trimgruppa 2019

Katrin Lægreid Nes (leiar)

Tomas Kjølraug

Audhild Moe

Grete Marie Skårhaug Solvi

Adrienne Kvam

Kjell Arild Høyum

Sandra Nesse Sørhoel

Dette er ein godt arbeidande og positiv gjeng. Styret har hatt fire styremøte dette året. Styret ynskjer gjerne få innspel frå medlemmane om ting me skal jobbe med å få til i trimgruppa vidare.

Aktivitetar i 2019

VOLLEYBALLGRUPPE

Trenar ein gong i veka i gymsalen. Dei har eiga FB gruppa der treningane blir organisert. Flott tiltak, god variasjon i alder i denne gruppa.

IDRETT FOR ALLE

Gruppa har 2 utøvarar og 3 hovudinstruktørar. I tillegg har me 3-5 medhjelparar på treningane. Dette er leikbetonte treningar der ein førebur deltakarane på øvingar i Løveleikane og Byrkjelo-leikane bla.

TRIMMIAN

Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 25 postkassar med trimbøker i. Desse kan kven som helst skriva seg i. Dette året hadde me 41 ungar som fekk premie for å ha registrert minst 150 poeng. 4 vaksne (seniorar) med 300 poeng og 23 trimmianar (born og vaksne) som hadde vore på alle bøkene våre. Ei deltaking på det jamne, ikkje eit rekordår. Men me ser at veldig mange besøker bøkene våre, og ynskjer å få fleire til å levera inn skjema i 2020. Korleis skal me få til det?

IDRETTSMERKET

Trimgruppa tilbyr idrettsmerketaking til medlemmane. Tre stykk nytta seg av tilbodet i 2019, dette var Per Birger Lomheim, Svein Haugen og Astrid Veum.

STIFADDERGRUPPA

Stifaddergruppa er eit samarbeid mellom Trimgruppa, Hafslo Bygdelaag (administrator) og Hafslo Sogelag. Bjarne Venjum gjer koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang.

Gruppa starta opp hausten 2018, og har no fungert i eit år. Me har kome godt i gang, ein god del stiar er merka og rydda. Ein har fleire stiar på planen og dei ein har rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med 9 stifadrar, noko me er veldig stolt over. Desse har jobben so lenge dei vil.



Årsmelding barneidrett 2019

Anne Grete Lomheim (leiar)

Ann Helen Liljedahl

Janniche Fossøy

All idrett er organisert av HIL og er for barn opp til 12 år. Me har samarbeida med dei andre særgruppene, og dei har hatt ansvar for sine aktivitetar alt etter sesong. Me har hatt fokus på at barneidrett skal vere for alle, og ein skal ikkje føle på press eller prestasjonar. Det skal vere sosialt, og ein skal gleda seg over å prøve nye aktivitetar. Det skal vere eit variert program, der ein prøver ulike aktivitetar.

Frå januar til midten av mars var det skiaktivitetar på Heggmyrane kvar onsdag. Det var totalt 116 registrerte barn, og godt oppmøte dei fleste kveldane. Hoppgruppa var med å laga til ulike hoppaktivitetar i lysløypa, og dette opplever me som svært positivt, då mange deltek på dette. Me har hatt eit godt samarbeid med hoppgruppa. Det var òg tilbod om tidtaking på kvart cuprenn. Me avslutta skisesongen med kveldsmat og premieutdeling på Heggmyrane, der alt gjekk føre seg ute. Vårprogrammet var variert aktivitet med sykkelkarusell, turbingo til Hillestadstølen, orientering i Okleviki, tur til Huarplassen, friidrett og natursti. Me avslutta våprogrammet med grilling og skattejakt i Måsaviki. Det var flott oppmøte, alt frå 20 til 45 barn. Me samarbeida med fotballgruppa, og fekk bruke annakvar onsdag til barneidrett.

Då hausten kom, hadde me orientering på skuleplassen og natursti til Hesvollen. Her var god deltaking. Etter haustferien starta me opp treningar i gymsalen måndagar og onsdagar. Måndagar med basistrening, grunnleggjande motorikk, dans, turn og lek. Takk til foreldre og andre som stiller opp og hjelper til! Onsdagar har fotballgruppa teke ansvar for ulike ballaktivitetar. Det har vore bra oppmøte på desse treningane. Me avslutta sesongen med bading og klatring og kveldsmat i Skjolden. Flott oppmøte med 25 barn.

Småbarnstrimmen (0–5 år) har vore i gymsalen kvar tysdag frå kl.17–18 både vinter, vår og haust. Det er foreldrestyrt aktivitet og lek, der foreldre hjelper til med organisering og rydding.

Årsmelding for orienteringsgruppa

Gruppestyre: Pål Iversen (leder), Ove Oklevik, Trond Sekse

Orienteringsgruppa har bidratt til aktivitet for voksne og barn også i 2019-sesongen. Kanskje ikke så veldig mye, men i alle fall litt. Vi har hatt styremøte og vi har økonomisk nøktern drift.

Aktivitet, deltagelse: Hafslo il hadde to deltakere i distriktsmesterskapet 31.08 – 01.09.19. Første dag, på mellomdistansen kapret Karen Street 4. plassen. Katrin Læg Reid Nes deltok og, men hadde nok ikke fullklaff, og ble disket (skjer rett som det er i orienteringssporten). På langdistansen dagen etterpå deltok Karen Street, og ble der belønnet med – diskvalifisering. Stang ut x 2 altså. Vi har hatt deltakere på nærløpene, som arrangeres i samarbeid med o-gruppa i Sogndal, i perioden april-oktober.

Aktivitet, arrangement: Vi arrangerte ett nærløp, i Oklevik, 05.06.19. Det var svært lokalkjente folk som arrangerte løpet, og arrangementet gikk knirkefritt. Det var 34 løpere som deltok. Vi arrangerte opplæring og orienteringsløp, sammen med barneidretten 3.oktober, og omtrent 25 barn og voksne deltok.

Samarbeid: Bjørn IL og Sogndal IL si o-gruppe har lånt utstyr for å arrangere løp. Hafslo barne- og ungdomsskule er god samarbeidspartner og har orientering som en del av undervisninga. Sogn og Fjordane 4H fikk hjelp av utstyr og personer i forbindelse med fylkesleiren som ble arrangert på Hafslo.



Evaluering 2019 og planer for 2020: Etter flere år med ganske lite aktivitet, har styret i orienteringsruppa i 2019 grundig evaluert drift og planer. Vi har avgjort at driften er såpass liten, at ei fullverdig orienteringsgruppe ikke er nødvendig, med det arbeidet ei gruppe medfører. Ei orienteringsnemnd, med kontaktperson, er godt i stand til å skjøtte den administrasjonen som skal til for at barn på Hafslo skal kunne få opplæring i orienteringssporten, samarbeide med skole og naboklubber, og ordne formelle forpliktelser mot Orienteringskrinsen, slik at våre løpere kan delta på mesterskap.

Vi har derfor besluttet at orienteringsgruppa på kommende årsmøte avvikles i nåværende form, og erstattes med ei orienteringsnemnd, der Ove Oklevik er kontaktperson, og ivaretar de nevnte administrative oppgavene.



Rask



Personleg

Har du valt rett bank?

Renter, løn, skatt og ungar – ingenting er konstant.

Kanskje me kan gi deg betre vilkår? Ring oss på **57 68 27 00**

så finn me ut av det. Me har dei mest nøgde kundane i Sogn!*

Luster Sparebank

luster-sparebank.no

